

A man with glasses is playing a violin. He is wearing a white long-sleeved shirt with puffed sleeves and a red vest with floral embroidery and silver buttons. The violin is a reddish-brown color. The background is a plain, light-colored wall.

KNUT KJØK

fele

NRK

Knut og foreldre,
Helga og Erling Kjøk,
1998.



FOTO: KJELL BITJØSTØYL

KNUT KJØK

Knut Kjøk var fødd i Garmo den 23. juni 1948 og døydde der 15. august 2016. Det meste av livet budde han i Garmo der han etter kvart fekk familie med tre barn.

Særleg i 1960 og -70 åra var Garmo eit senter i felespel med fleire av dei fremste utøvarane i landet. Hans W. Brimi, Bjørn Odde og Amund Bjørgen vann ei rekkje kappleikar, og i tillegg hadde vi Johannes Langøygard, Kristen Fyrn og Syver (Sjugurd) Garmo, for å nemne dei viktigaste. Alle var med i Lom spelmannslag, der Knut kom med tidleg. Han var med på å vinne lagspel og representerte laget som solospelmann på kappleikar, den fyrste i 1967. Dei siste 40 åra hadde han ei viktig rolle i dette laget, i lengre tid som musikalsk leiar.

Faren, Erling Kjøk, var ein storkult i folkemusikk i Gudbrandsdalen, både som kjelde og utøvar. Da Knut begynte på fela, var han ikkje så aktiv lenger, og dels var han borte frå bygda på arbeid. Derimot oppdaga Knut fort at faren var ei uvanleg rik kjelde med ein noko annan spelestil og dels andre former og slåttar enn dei andre. I tillegg hadde han ei mengd å fortelja rundt det han spelte. Knut såg det sjølvsgagt som ei viktig oppgåve å føre vidare denne tradisjonen.

På 1970-talet budde Knut rundt 6 år i Oslo, og her kom han inn i eit svært aktivt folkemusikkmiljø med spelmenn og dansarar frå Gudbrandsdalen. Han vart med i spelmannslaget åt gudbrandsdølane, Gudbrandsdølenes spelmannslag som dei kalla seg, og hovudpersonane her var Pål Skogum frå Vågå og Reidar Skjelkvåle frå Skjåk. Sentrale var au Fridtjov Sole frå Garmo og Tore Jørgen Rødølen frå Otta. Med andre ord var fleire spelestilar representerte her, noko ulike stilen Knut hadde frå heime.

Etter at han flytte attende til Garmo, var han i lag med blant anna Ola Opheim frå Vågå, og tvillingbrørne Mathias og Alfred Bismo frå Skjåk.

Knut lærde såleis og vart påverka av eldre spelmenn med ulik tradisjonsbakgrunn og spelestil, spelmenn som verkeleg stod for noko. Knut kom til å meiste fleire tradisjonar og spelestilar og vart uvanleg fleksibel som utøvar. Han «spelte på mange strenger», med evne til å variere og improvisere. Likevel hadde han sin eigen personlege stil, sjølv om idealet endra seg nok noko gjennom åra, som rimeleg er. Den klare og sterke tonen vart meir vektlagd etter kvart.

Som godt vaksen tok han feleskular som brevkurs



Far og son. Erling og Knut Kjøk ca. 1985.



Spelstund heime, 1975.



Landskappleiksvinnarar frå Ottadalen. Frå v. Amund Bjørgen, Ivar Schjølberg, Hans Holen, Hans Brimi, Reidar Skjelkvåle, Ola Opheim, Bjørn Odde, fremst Pål Skogum og Knut Kjøk.

og lærde seg notar, alt på eiga hand. Med bakgrunn både som framifrå tradisjonsberar og utøvar og samstundes stor innsikt i notar vart han ein hovudperson i formidling og nedskrivning av slåttemusikk i Gudbrandsdalen. Heile seks bind med slåttemusikk Slåtte og leikje kom ut i 2012 og omfattar ikkje mindre enn bortimot 1600 slåttar frå Gudbrandsdalen, dei fleste frå Ottadalen. *Eg eignar boka mi til alle spelmenn som lever nå og dei som kjem, for arven etter dei farne!*, skriv han under tittelen.

I tillegg til å samle og skrive ned folkemusikk dreiv Knut aktivt med opplæring av yngre, dels gjennom musikkskulane i Vågå og Sel, og elles mange privatelevar og ulike kurs og seminar rundt omkring, også i utlandet. Han var musikalsk leiar for det såkalla

Storlaget med spelemenn frå heile Gudbrandsdalen. Dette hadde ei sentral rolle under opningsseremonien for OL på Lillehammer i 1994.

I fleire tiår var han av dei aller fremste utøvarane i landet, og såg det som ei viktig oppgåve å vera med på kappleikar og presentere slåttemusikk frå Ottadalen, særleg i tradisjon etter faren. Som regel varta han opp med sjeldne slåttar og former. Fem gonger vann han klasse A fele på landskappleik, fyrste gongen i 1975 og siste gongen i 1990. Mange speleferder i inn- og utland kom i tillegg, for Knut fekk etter kvart mange representasjonsoppgåver. Han representerte NRK, t. d. på EBU-festivalen i Segovia 1986, Landslaget for spelemenn, mellom anna på 1000-jubileumet i Dublin, og Det Kongelige Utenriksdeparte-

mentet, f. eks. i samband med Vinlandsprosjektet i USA og Canada. Sentral som han var, hadde han òg statlege studie- og reisestipend i fire år.

Ved sida av alle konsertoppdraga var Knut med på mange ulike cd-prosjekt, både som soloutøvar og i hop med andre. Saman med Dag Gården, Ann Catrin Tessnes og Reidar Svare gav han ut dølavisene til Edvard Storm på cd, og for det arbeidet og produktet fekk dei kulturprisen for Vågå. Sveitsiske Monica Chappouis vart så oppglødd for cd-en at ho kom inn aktivt med økonomiske bidrag til fleire cd-utgjevingar og ikkje minst til det store arbeidet med å skrive ned leikar på notar.

Knut var au ein framifrå dansespelmann, både med springleik, halling og i runddans. Han spelte jamt til

dansarar på ymse kappleikar. Ei tid hadde han si eiga gammaldansgruppe Bælg og Streing, saman med to av brørne. Han var altetande av musikk, som han sjølv sa, og likte og kunne spela fleire sjangrar, mellom anna svensk folke- og danseusikk og klassisk musikk. Frå 2010 var han t d leiar og utøvar i Vågå strykemusikk, som spelte klassisk musikk. Dei siste åra laga han ein del leikje sjølv, og han arrangerte for m a spelmannslaget.

Knut Kjøk fekk altså utretta utruleg mykje, både som utøvar og samlar. Ein spelmann med eit uvanleg stort repertoar og evne til å vera både tradisjonstru og personleg i uttrykket. Av dei aller fremste vi har hatt i Gudbrandsdalen.

Ola Grøslund



FOTO: TORUNN KLJØK

Spelmannemme,
jula 1963.



FOTO: KETIL SANDVIKEN

Tre gode vener. Knut,
Kristen Odde og Erik Bjørke,
Fagernes 1992.



FOTO: REIDAR SKJELKVÅLE

Takdona hjå
Reidar Skjelkvåle
i Ås. Fritjov Sole
og Knut. 1971.

SLÅTTEUTVALET

Ved opptakta til utgjeving av ein cd-en med slåttespel av Knut Kjøk vart vi både overraska og glade da vi fekk vita at han sjølv hadde gjort ei sortering av opptak i NRK Folkemusikkarkivet nett med sikte på eit utgjevingssprosjekt. NRK-arkivet inneheld i det store og heile alt som finst av opptak med slåttespelet hans. Han lydfesta ingenting sjølv, og elles er det lite opptak av slåttar med han.

Dei 24 slåttane på denne cd-en er i den rekkjefylgja Knut sjølv stilte opp. Åtte er kappleiksoptak over eit tidsrom på tju e år, frå 1975 til 1995: 1 Bø (Lkpl 1975); 8 Trysil (Dkpl 1985); 19, 20 Vinstra (Dkpl 1991); 21, 22 Lillehammer (Lkpl 1993); 23, 24 Førde (Lkpl 1995). Dei andre slåttane er etter studioopptak, også frå ulike tidsrom, 3–7 (1982), 10–16 (1988), 17–18 (1989).

Med velviljug hjelp frå Per Sæmund Bjørkum har vi ved slåtteittlane sett til nøyaktige referansar til «Slåtte og leikje» (2012), dvs. slåttype, nummer og namn, band og sidetal. Den interesserte kan dermed lett finne fram i notane, til jamføring av tonegang og bogeføring, også til tilleggsopplysningane Knut eventuelt har ført opp til slåtten.

Slåtteittlane omfattar namn på spelmennene Knut sjølv lærde slåtten av, med unntak for ein, *19 Storhalling I etter Fel-Jakup*. I det store og heile er dette same leiken som *Halling 82 Storhallingen has Fel-Jakup* med opplysninga «Etter Reidar Skjelkvåle» (Kjøk 2012 bd. 1: 146). Slik Knut Kjøk spelar hallingen her, er avvika, særleg i siste veket, svært store i høve til oppskrifta av slåtten han teikna ned som den han lærde av Reidar. Det må tolkast som at han sjølv har teke seg fridomen og bygd ut slåtten så mykje at det dermed ville bli feil med namnet på læremeisteren utan ei klargjerande tilføyning. Knut var bevisst om og tru mot tradisjonen, men var også sikker på seg sjølv og kjende seg fri til å utforme slik han tykte ville passe leiken og framføringa si best. For moro kunne han også spontant leike seg der og da, også for eit høgtidstemt kappleikspublikum. *24 Gauken* illustrerer dette. Med ei uventa vending av tonane gjev han den vemodige leiken ein humoristisk avslutnad og får publikum til å le.



FOTO: KRISTIAN STAKSTØN, 1945

«Lykkjen og læregut» Ola Moløkken og Erling Kjøk.

SPELMANNSNAMN I TITLANE

Erling Kjøk (1913–1999) frå Garmo i Lom var kjend for slåttekunna si og det store slåtteitilfanget etter spelmenn frå heile Ottadalen. Hans læremeistrar finst i nokre titlar: Ola Moløkken – Molykkjen/Lykkjen (1871–1957) frå Vårdalen i Lom, Johan Bråtå (Braathen) (1869–1956) frå Sjørdalen i Vågå og Johan Hagen (1875–1963) frå Kvikne i Fron. Slåttane hans er dokumenterte av Norsk folkemusikksamling, Reidar Sevåg og Olav Sæta *Slåttar for vanlig fele*, Oppland 2 (1991) og spelmanns- og slåttekunna hans i Erling Kjøk og Jarnfrid Kjøk *Ei Spelmannssoge: Om spelmann, spel og dans i Ottadalen* (1995). Han var aktiv dans- og gjestebodsspelmann i 1930- og 40-åra og var fyrste formannen i Lom spelmannslag (1942). Slåttespelet hans har vore formidla i radio- og fjernsynsprogram, også på plateutgjevingar: saman med Hans W. Brimi i 1940-åra, på familieplate i 1970-åra og i seriane NRK/Grappa – Norsk folkemusikk Oppland (1995) og NRK/ta:lik «Slåttar frå Lom».

Johannes Langøygaard (1901–1991) frå Garmo var med og stifta Lom spelmannslag, var aktiv i laget og med på kappleikar så lenge han levde. I yngre år var han dans-spelmann, var også kjend for å vera god til å syngje m a gamle viser etter far sin. Med sitt blide vesen, gode risper og soger var han ein viktig stemningsskapar i laget. Da Knut var næming var Johannes ein viktig læremeister for han. Han var ei rik slåttekjelde, laga også mange leikje, ikkje minst gode hallingar. Slåttespelet hans er dokumentert i radioprogram og plateutgjevingar med Lom spelmannslag. NRK/ta:lik «Slåttar frå Lom» har både slåttespel og songinnslag med han.

Pål Skogum (1921–1990), frå Lalm i Vågå, busett i Oslo, var den eldste av sønene til spelmannen Østen (Eistin) Skogum. Svært viktig for Pål var Per Brænden (1886–1963) og slåttane han hadde etter Iva Bråtå (1827–1916), ei hovudkjelde i O.M. Sandvik Folkemusikk i Gudbrandsdalen (1919). Saman med broren Jakup var Pål blant dei fyrste ottadølene som deltok på landskappleik, også av dei fyrste som tok valsen inn på den viktige scena. Pål var kappleikspelmann, vann landskappleik og hadde mange spesielle speloppdrag. I Gudbrandsdølenes spelmannslag i Oslo var han sjølv midtpunktet. Han var høgt verdsett



ILLUSTRASJON FRÅ PROGRAMBLADET

Kristen Fyrn, Johannes Langøygaard, Reidar Hagen og Knut Kjøk. Lom spelmannlag spelar inn NRK-program på Graffer i 1968.



FOTO: KETIL SANDVIKEN

Pål viser Tore og Knut korleis det skal gjerast.

som læremeister, for slåttekunna og det teknisk utvikla og elegante spelet sitt og, ikkje minst, for den gode, muntre og samlande veremåten sin. Spelet hans er dokumentert i mange radio- og fjernsynsprogram, han er representert i NRK/RCA (cd NRK/ta:lik) «Slåttar frå Vågå» og på dobbelcd-en med Skogumbørnene (ta:lik).

Rikkar Skjelkvåle (1901–1976), frå Skjåk, sto sentralt i bevaring og formidling av slåttetradisjonen i Skjåk, ikkje minst slåttane etter Fel-Jakup (1821–1876). Samværet i barndomen med Per Spelmann (1830–1907) frå Lom og Fel-Kari, den slåttekunnige dotter til Fel-Jakup, var grunnleggjande. Etter spelmann i Skjåk, Torkjel Auale (1863–1940) og andre, hadde han ei



Rikkar Skjelkvåle



Reidar Skjelkvåle og Knut Kjøk. Minnekonsernt etter Skogumbrørne, Vågå 2014.



Alfred Bismo og Mathias Bismo. Fel-Jakupstugu 1986.



Ola og Knut, Folkemusikktreffen i Vågå 1986.

slåttmengd og stor slåttkunne, ikkje berre det som var knytt til Fel-Jakup, men sjølvsagt etter Gamle Sjugurd o.a. Men det er slåttane etter og sogene som Rikkar hadde om denne legendariske spelmannen som mest har vore framme, m.a. i mange NRK-program. Rikkar deltok på kappleikar og komponerte også slåttar, t.d. den mektige springleiken *Konkurrenten*. Slåttespelet hans er elles dokumentert i NRK/ta:lik «Slåttar frå Skjåk». Sonen Reidar Skjelkvåle og tvillingbrørne Alfred og Mathias Bismo har ført slåttradisjonen hans vidare, i dag er også sonesonen Rikard Skjelkvåle (1960) ein viktig tradisjonsberar og formidlar.

Reidar Skjelkvåle (1940), busett i Oslo, har vunne landskappleiken tre gonger og var nøkkelperson i oppstarten av og heile tida musikalsk leiar for Gudbrandsdølenes spelmannslag i Oslo (1968). Laget, med sine gode spelmenn og perfektjonistiske Reidar i spissen, var særskildt aktivt på kappleikar, i radio og med dansespeling på 70- og 80-talet. Laget har vore kappleiksvinnar mange gonger. Gudbrandsdølenes spelmannslag var det fyrste laget som let springleik arrangert med to stemmer på kappleik, distriktkappleiken på Lillehammer

1969. Dette gjorde eit sterkt inntrykk på alle spelmennene og ikkje minst på Knut. Han har skildra opplevinga og den brennande hugen han fekk til å vera med i det laget, også måten dei tok inn som medlem.

Alfred Bismo (1918–1988), frå Bismo i Skjåk, rekna Rikkar Skjelkvåle, Hans Skamsar (1884–1963) frå Skjåk og Sigurd Eggen (1883–1960) frå Lom som viktigaste lærereistrane sine. Han var blant Ottadalsspelmennene som vann landskappleiken. Saman med vennen, diktaren Jan Magnus Bruheim, gjorde han mange turnear med felespel og diktopplesing på Vestlandet. Saman med tvillingbroren, Mathias Bismo (1918–2010), gjorde han eit viktig innsamlingsarbeid med lydopptak av gamle spelmenn. Alfred interesserte seg spesielt for slåttradisjonane etter Fel-Jakup (1821–1876) og samla stoff om denne legendariske spelmannen i Ottadalen, på Vestlandet og andre stader. I samlinga hans finst m.a. Per P. Bolstads Fel-Jakupslåttar og -soger etter faren, spelmannen Per M. Bolstad i Stryn. Knut Kjøk studerte og arbeidde med denne samlinga saman med Mathias. Spelmanntvillingane er dokumenterte i NRK/ta:lik «Slåttar frå Skjåk». Alfred og Fel-Jakupsstoffet hans er elles

dokumentert m.a. i radioprogram t.d. ved Ola Grøslund for NRK (1977), Ivar Teigum for NRK (1989) og Trond-Ole Haug i eit prosjekt for Norddalsradioen (1996).

Ola Opheim (1920–2003) frå Vågå var frå 1960-åra og fleire tiår framover ein av dei mest kjende felespelmennene i landet. Saman med Oddvar Nygård (1919–1985) frå Sør-Fron bidrog han til ein sterk oppsving for gamaldansen. Dei to hadde oppdrag over heile landet, spelte inn mange plater og hadde mange radioprogram. Ola var ikkje berre god dansespelmann, han var også ein framstående tradisjonsberar og formidlar av slåttradisjonen frå Vågå. Han deltok på kappleikar og er blant landskappleikvinnarane frå Ottadalen. Han laga også fleire leikar. Slåttespelet hans er dokumentert på fleire plateinnspelningar, m.a. NRK/RCA (NRK/ta:lik) «Slåttar frå Vågå», elles ei banebrytande soloplate saman med Håkon Nielsen på bassgitar frå fyrst i 1970-åra, likeeins plata «Vågå-leikjer» (1972), saman med Jakob Skogum. Ola Opheim gjorde eit viktig innsamlingsarbeid med lydopptak av eldre spelmenn. På oppdrag frå Ola gjennomgjekk og ordna Knut Kjøk samlinga hans.

Jarnfrid Kjøk

Kjelder:

Kjøk, Knut 2012: *Slåtte og leikje: Eit spelmansrepertoar og någå attåt*, Oslo
Teigum, Ivar: *Alfred og Mattias Bismo Felespel frå Skjåk* 2018.3.20. www.ta:lik.no/felespel-fraa-skaak.5135024-274290.html
NRK/Grappa: *Norsk folkemusikk: Oppland* (1995)
NRK/RCA: *Norsk folkemusikk 1953–1974: Slåttar frå Vågå* (cd-utgåve NRK/ta:lik 1995)
NRK/ta:lik: *Gudbrandsdalen: Slåttar frå Lom; Slåttar frå Skjåk; Slåttar frå Vågå*

Per Sæmund Bjørkum, Gunn Gausemel, Ola Grøslund, Rolv Kjøk, Trond-Ole Haug, Ketil Sandviken, Reidar Skjelkvåle, Øystein Ulen.

Takk til Solfrid Hoff, kona til Knut Kjøk.

SLÅTTELISTE

Slåttetittlar, datering og tilvising til Knut Kjøk *Slåtte og leikje* 2012

01. **Løytnant-Anne, springleik etter Erling Kjøk** (1975)
Slåtte og leikje: Springleik 170 Lytnant-Anne, band 2:357.
02. **Jo Krøkje, vals etter Erling Kjøk** (1980)
Slåtte og leikje: Vals 68 Jo Krøkje, band 3:527.
03. **Møyllmålvalsen hass Per Spelmann etter Erling Kjøk** (1982)
Slåtte og leikje: Vals 130 Møyllmålvalsen, band 3:569.
04. **Stamgauken, springleik etter Erling Kjøk** (1982)
Slåtte og leikje: Springleik 189 Stamgauken, band 2:372.
05. **Kjellarlemen hass Johan Hagen, halling etter Erling Kjøk** (1982)
Slåtte og leikje: Halling 121 Kjellarlemen, band 1:177.
06. **Fel-Jakup-leik, springleik etter Pål Skogum** (1982)
Slåtte og leikje: Springleik 180 Springleik, band. 2:365.
07. **Lykkje-leik – ein «Skålleik», halling etter Erling Kjøk** (1982)
Slåtte og leikje: Halling 79 Skålhalling, band 1:144.
08. **Gamel-Brimibakkjen, springleik på tjørhæstille (FDAE) etter Erling Kjøk** (1985)
Slåtte og leikje: Springleik 236 Gamel-Brimibakkjen, band 2:404.
09. **Netosætervalsen av Fel-Jakup etter Reidar Skjelkvåle** (1986)
Slåtte og leikje: Vals 3 Netosætervalsen, band 3:475
10. **Dansar-Hans, springleik etter Johannes Langøygard** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 112 Dansar-Hans, band 2:313.
11. **Musikus, springleik etter Erling Kjøk** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 127 Musikus, band 2:325.
12. **'n Anders Randa (Den han Fel-Jakup let når det var for lite brennvin) springleik etter Erling Kjøk** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 102 Deinn 'n Jakup let ner de' va' for lite breinnvin, band 2:306.
13. **Eirik Galde, springleik etter Erling Kjøk** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 26 'n Eirik Galde, band 2:254.
14. **Springleik etter Pål Skogum** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 11 Springleik, band 2:243.
15. **Storhalling II etter Fel-Jakup, etter Erling Kjøk** (1988)
Slåtte og leikje: Halling 83 Storhallingen has Fel-Jakup, band 1:147.
16. **Springleik etter Alfred Bismo** (1988)
Slåtte og leikje: Springleik 250 'o Bestemor, band 2:414.
17. **Asbjørg-Kari, springleik etter Alfred Bismo** (1989)
Slåtte og leikje: Springleik 137 Asbjørg-Kari, band 2:332.

18. **Jakupleik, springleik etter Alfred Bismo** (1989)
Slåtte og leikje: Springleik 16 Springleik, band 2:246.
19. **Storhalling I etter Fel-Jakup** (1991)
Slåtte og leikje: Halling 82 Storhallingen has Fel-Jakup, band 1:146.
20. **Konkurrenten, springleik av Rikkar Skjelkvåle.** (1991)
Slåtte og leikje: Springleik 306 Konkurrenten av Rikkar L. Skjelkvåle, band 3:454.
21. **Goroleikjin, lydarslått etter Erling Kjøk** (1993)
Slåtte og leikje: [Marsj/Halling] 53, 54 og 55 Sinklarmarsjen, Så svårå 'o Guri og Goroleik, band 1:124f.
22. **Fykerudhallingen hass Johan Bråtå etter Erling Kjøk** (1993)
Slåtte og leikje: Halling 86 Etté Fykerua, band 1:149.
23. **Gjermundhallingen etter Ola Opheim** (1995)
Slåtte og leikje: Halling 146 Gjermundhallingen band 1:192.
24. **Gauken, springleik etter Erling Kjøk** (1995)
Slåtte og leikje: Springleik 187 Gauken band 1:370.

OM OPPTAKA:

Spor 01: Landskappleiken 1975, Bø i Telemark. Produsent: Rolf Myklebust og NRK Musikkteknikk.
Spor 02: Gaukstadstugu, Lom, 14.02.1980. Produsent: Sven Nyhus og NRK Musikkteknikk.
Spor 03–07: Studio NRK Oslo, 13.12.1982. Produsent: Sven Nyhus og NRK Musikkteknikk.
Spor 08: Distriktskappleiken 1985, Trysil, opptak utanom konkurranse. Produsent: Sven Nyhus og NRK Musikkteknikk.
Spor 09: Svee hotel, Vågå, 02.10.1986. Produsent: Sven Nyhus og NRK Musikkteknikk.
Spor 10–16: Studio NRK Oslo, 21.06.1988. Produsent: Leiv Solberg og NRK Musikkteknikk.
Spor 17–18: Studio NRK Oslo, 28.02.1989. Produsent: Leiv Solberg og NRK Musikkteknikk.
Spor 19–20: Distriktskappleiken 1991, Vinstra. Produsentar: Lisa Halvorsen, Gunn Sølvi Gausemel. NRK Musikkteknikk: Egil Johann Damm.
Spor 21–22: Landskappleiken 1993, Kristins Hall, Lillehammer. Produsentar: Lisa Halvorsen, Leiv Solberg, Jørn Jensen. NRK musikkteknikk: Terje Hellem, Tore Skille, Audun Sivertsen og Gudrun Gardsjord.
Spor 23: Landskappleiken 1995, Førde. Produsentar: Leiv Solberg, Sigrid Terese Moldestad, Gunn Sølvi Gausemel. NRK Musikkteknikk: Birgit Maakestad og Nils Roen.
Spor 24: Konsert under Landskappleiken 1995, Førde. Produsentar: Leiv Solberg, Sigrid Terese Moldestad, Gunn Sølvi Gausemel. NRK Musikkteknikk: Birgit Maakestad og Nils Roen.




FOTO: KJETIL SANDVIKEN

Knut Kjøk *Slåtte og leikje* – Eit spelmanns-repertoar og någá attåt (2012).




FOTO: SOLFRID HOFF

FEL-JAKUPPRISEN

Fel-Jakupteppet er teikna av Trygve Håkenstad og vove av Marit Hamre. Teppet var sett opp som «Fel-Jakup-prisen» fyrste gongen på Landskappleiken i Førde i 1979.

Det skulle gå til den som sigra tre gonger i Fele klasse A.
Knut vann det vakre spelmanntrofeet i 1988.

Fem spelmenn frå Ottadalen nappast om Fel-Jakupprisen:

- 1979 Førde – Reidar Skjelkvåle
- 1980 Kristiansand – Ivar Schjølberg
- 1981 Oslo – Bjørn Odde
- 1982 Hamar – Knut Kjøk
- 1983 Kongsberg – Ivar Schjølberg
- 1984 Odde – Bjørn Odde
- 1985 Otta – Amund Bjørgen
- 1986 Geilo – Amund Bjørgen
- 1987 Sogndal – Knut Kjøk
- 1988 Bø – Knut Kjøk

Kjelde: Jorun Hagen, FolkOrg



FOTO: KETIL SANDVIKEN

Tre vårdalsspelmenn med napp i «Fel-Jakupteppet».
Amund Bjørgen, Knut Kjøk og Bjørn Odde. Landskappleiken Otta 1985.

KNUT KJØK

Knut Kjøk was born in Garmo on June 23, 1948, and he died there on August 15, 2016. He lived most of his life in Garmo and had a family with three children.

Garmo was a hub for fiddle playing, particularly during the 1960s and '70s, and had several of the leading performers in the country. Hans W. Brimi, Bjørn Odde, and Amund Bjørngen won a number of kappleikar (folk music competitions), and we also had Johannes Langøygard, Kristen Fyrun, and Syver (Sjugurd) Garmo, to name the most important fiddlers. All of them were members of Lom spelmanlag (Lom Fiddlers' Association), which Knut had joined early on. Knut took part when Lom spelmanlag won the category for fiddle ensembles, and he represented the association as a solo fiddler at kappleikar. He competed solo for the first time in 1967. He had an important role in the association during the past 40 years and served as musical director for a long period.

His father, Erling Kjøk, was an important figure in the folk music milieu in Gudbrandsdalen, both as a source of tunes and as a performer. When Knut started playing fiddle, Erling was not very active anymore, and he was away from the district for work at times. Knut quickly discovered that his father was an unusually rich source with a somewhat different playing style, and that he played different forms and tunes than the others. He also had a lot to say about what he played. Knut viewed carrying on this tradition as an important task.

During the 1970s Knut lived in Oslo for about six years, and during this time he connected with a very active folk music community of fiddlers and dancers from Gudbrandsdalen. He joined the group for fiddlers from Gudbrandsdalen, Gudbrandsdølenes spelmanlag, and the most important people here were Pål Skogum from Vågå and Reidar Skjelkvåle from Skjåk. Fridtjov Sole from Garmo and Tore Jørgen Røddølen from Otta were also central figures. Several playing styles were represented in the group, which were somewhat unlike the style Knut had from home.

After he moved back to Garmo, he played with Ola Opheim from Vågå, as well as the twin brothers Mathias and Alfred Bismo from Skjåk, among others.

Knut thus learned from and was influenced by older fiddlers who had different traditions and playing styles, fiddlers who really stood for something. Knut came to master several traditions and playing styles and was unusually flexible as a performer. He "played on many

Arbeidskar med fele.





Spelmenn på Lågdalsmuseet. Knut, Erling og Gunnar Kjøk. Landskappleiken på Kongsberg 1983.



Lom spelmannslag. Landskappleiken på Fagernes i 2015.

strings", with the ability to vary and improvise. All the same, he had his own personal style, even though his ideals changed somewhat over the years, which is reasonable. His clear, strong tone gradually became more emphasized.

As an adult he took fiddle courses by correspondence and learned to read music notation, all on his own. With his background as an excellent tradition bearer and performer, and with great insight into music notation, he was one of the main people who transcribed and disseminated traditional music in Gudbrandsdalen. Six volumes of fiddle music, called *Slåtte og leikje*, were published in 2012 and include no less than approximately 1600 tunes from Gudbrandsdalen, most of them from Ottadalen.

In addition to collecting and transcribing folk music, Knut taught younger fiddlers at the music schools in

Vågå and Sel, and he also had many private students and taught various courses and seminars in Norway and abroad. He was the musical director for the so-called *Storlaget*, a fiddlers' group with players from the entire Gudbrandsdalen region. These fiddlers had a central role during the opening ceremony for the Olympics in Lillehammer in 1994.

He was one of the top performers in the country for several decades, and he saw it as an important task to participate in *kappleikar* and present fiddle music from Ottadalen, especially in tradition after his father. As a rule, he played uncommon tunes and forms. He won the elite A class for solo fiddle at *Landskappleiken* five times; the first time was in 1975, and the last time was in 1990. He also took many trips to perform in Norway and abroad. For instance, he represented NRK (Norsk rikskringkasting,

the Norwegian state-owned public broadcasting company) at the EBU Festival in Segovia in 1986, *Landslaget for spelemenn* at the 1000-year anniversary in Dublin, and the Royal Norwegian Ministry of Foreign Affairs in connection with the Vinland Project in the US and Canada. Central as he was, he also received state study and travel grants for four years.

In addition to all of his concert work, Knut also participated in many different CD projects, both as a solo performer and with others. He released Edvard Storm's songs on CD with Dag Gården, Ann Catrin Tessnes, and Reidar Svare, and he received the *Vågå Culture Prize* for this production. Swiss Monica Chappouis was so enthusiastic about this CD that she made financial contributions to several CD releases, as well as the huge task of transcribing tunes.

Knut was also an excellent dance fiddler. He played

regularly for dancers at various *kappleikar*. For a time he had his own *gammaldans* group, *Bælg og streing*, with two of his brothers. He was a musical omnivore, as he said himself, and liked and could play several genres, including Swedish folk and dance music, and classical music. Starting in 2010 he led and performed in *Vågå strykemusikk*, a group that played classical music. In recent years he wrote a number of tunes himself, and he made arrangements for the *spelmannslag*.

Knut Kjøk had an incredible number of achievements, both as a performer and a collector. He was a fiddler with an unusually large repertoire and the ability to be both faithful to tradition and personal in his expression. One of the very best we have had in Gudbrandsdalen.

Ola Grøslund



FOTOGRAF: UKJENT. UTLÅNT AV: NRK

Knut Kjøl. Kappleikspemann 1975.

01. Løytnant-Anne, springleik etter Erling Kjøl 01:50
02. Jo Krøkje, vals etter Erling Kjøl 02:54
03. Møylmålvalsen hass Per Spelmann etter Erling Kjøl 02:26
04. Stamgauken, springleik etter Erling Kjøl 01:22
05. Kjellarlemen hass Johan Hagen, halling etter Erling Kjøl 01:59
06. Fel-Jakup-leik, springleik etter Pål Skogum 01:36
07. Lykkje-leik – ein «Skålleik», halling etter Erling Kjøl 01:08
08. Gamel-Brimibakkjen, springleik på tjørhælstille (FDAE) etter Erling Kjøl 01:46
09. Netosætervalser av Fel-Jakup etter Reidar Skjelkvåle 02:22
10. Dansar-Hans, springleik etter Johannes Langøygard 01:42
11. Musikus, springleik etter Erling Kjøl 01:43
12. 'n Anders Randa (Den han Fel-Jakup let når det var for lite brennvin),
springleik etter Erling Kjøl 02:09
13. Eirik Galde, springleik etter Erling Kjøl 02:22
14. Springleik etter Pål Skogum 02:08
15. Storhalling II etter Fel-Jakup, etter Erling Kjøl 01:40
16. Springleik etter Alfred Bismo 01:44
17. Asbjørg-Kari, springleik etter Alfred Bismo 01:35
18. Jakupleik, springleik etter Alfred Bismo 01:46
19. Storhalling I etter Fel-Jakup 02:54
20. Konkurrenten, springleik av Rikkar Skjelkvåle 02:33
21. Goroleikjin, lydar slått etter Erling Kjøl 04:40
22. Fykerudhallingen hass Bråtå etter Erling Kjøl 01:39
23. Gjermundhallingen etter Ola Opheim 02:03
24. Gauken, springleik etter Erling Kjøl 01:46

(totaltid: 51:04)